



Bygg Prosjekt AS  
Fantoftvegen 14P  
5072 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/6243 - 20/29279

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
19.05.2020

## Igangsettingsløyve for bustad 44-46 innan bebyggelsesplan felt 6 reguleringsplan Hilland vest - gbnr 134/471 Hilland

**Administrativt vedtak:** Saknr: 520/20  
**Tiltakshavar:** Alversund Utvikling AS  
**Ansvarleg søkjar:** Bygg Prosjekt AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av del av tiltaket knytt til etablering av bustad nr. 44-46 på eigedom gbnr. 134/471, utvendig VA er ikkje omfatta av vedtaket og må søkjast om. Igangsettingsløyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 27.01.2017 og igangsettingsløyve av 07.02.2019 med vilkår gjeld for tiltaket.

Før det vert søkt om ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal vilkår for påkoblingsløyve datert 15.05.2020 vere oppfylt, arbeid med VVA anlegg i felt 7 del 2 vere omsøkt, opparbeid, ferdigstilt og overtatt av Alver kommune, til drift, eige og vedlikehald.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
3. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
4. Rækkefølgekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av resterande del av tiltak knytt til etablering av 3 bustadar i rekke, utvendig VA er ikkje inkludert og må søkjast om.

Lindås kommune har i administrativt vedtak saknr. 041/17, datert 27.01.2017 gjeve rammeløyve på vilkår.

Lindås kommune har i administrativt vedtak saknr. 090/19 datert 07.02.19 gjeve igangsettingsløyve for delar av tiltaket knytt til grunn- og betongarbeid.

Det er i søknad registret 03.03.2020 søkt om igangsetting av resterande del av tiltak med unntak av utvendig VA.

Det er eit vilkår i rammeløyve at det skal liggje føre godkjent påkoblingsløyve før det vert gjeve igangsettingsløyve til tiltaket.

Det er i skriv frå avdeling for samferdsle, veg, vatn og avlaupsforvaltning datert 03.03.2020 orientert om at rørleggjarmelding ikkje vert godkjent.

I kommunen sitt skriv datert 24.03.2020 vert det opplyst at søknad om igangsettingsløyve for resterande del av tiltak ikkje kan handsamast før det ligg føre løyve til påkobling.

Ansvarleg søkjar har vore i dialog med avdeling for samferdsle, veg, vatn og kloakkforvaltning og det er i skriv datert 15.05.2020 godkjent rørleggjar medling for gbnr 134/471, Hilland felt 6 bustad 44-46. I godkjenninga står det følgjande:

*«Viser til rørleggermelding mottatt 28.02.-20.  
Ikkje godkjent rørleggermelding 03.03.-20.*

*Ny forespørsel om godkjenning av rørleggermelding, 14.05.-20 Der utbygger forplikter seg til å gjennomføre det som er avtalt i godkjent teknisk plan Hilland Vest felt 7 del 2. i god tid før det blir søkt om midlertidig bruksløyve og ferdigattest for bustad 44-46.*

*Rørleggermelding blir godkjent, føresetnad er at arbeid med godkjent vva anlegg i felt 7 del 2. blir opparbeid og ferdigstilt, komplett sluttdokumentasjon ihht va norm levert, og anlegg godkjent og overtatt av Alver kommune, til drift, eige og vedlikehold.*

*Ferdigmelding for bygg 44-46 må sendast inn ihht til krav teknisk/ administrative betemmelser, og væra godkjent, før søknad om midlertidig bruksløyve/ ferdigattest.»*

### **Til orientering**

Det ligg føre godkjenning av revidert Teknisk VA-plan for Hilland felt 7 del 2, i sak 20/7540, planen vart godkjent av avdeling for Samferdsle, veg-, vatn- og avlaupsforvaltning i skriv datert 08.05.2020.

Etablering av anlegget krev løyve etter plan- og bygningslova. Det er per no ikkje søkt om etablering av teknisk infrastruktur i samsvar med godkjent revidert teknisk plan for Hilland felt 7 del 2.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 24.03.20.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.05.2020 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

## **VURDERING**

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

### **Aktuelt regelverk**

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/6243

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Historisk dokument vedtak igangsettingsløyve for deler av tiltaket - gbnr 134/471 Hilland  
Historisk dokument vedtak rammeløyve for oppføring av rekkjehus (bustad 44-46) - gbnr 134/471 Hilland

**Kopi til:**

Alversund Utvikling AS	Fagernes 4	5043	BERGEN
Bygg Prosjekt AS	Fantoftvegen 14P	5072	BERGEN

**Mottakarar:**

Bygg Prosjekt AS	Fantoftvegen 14P	5072	BERGEN
------------------	------------------	------	--------